

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 87

Utkommer hver
måned

Desember 1937

Utgiver og redaktør:
Prost Slaattelid
Davik

8. årg.

Julesalme.

Mel.: Vær nu glad og vel tilmode.

Jesu, du som lod dig sende
Fra din Himmel til os ned,
Alle vi som dig bekiende,
Skulde vi ei glædes ved
Med vor Sang at møde dig,
Du som vil vor Broder være
Skjønt du selv er Himlens Herre!

Hvad vi mod din høie Fader
havde bruddt og bryde kan,
Det for din Skyld han forlader;
Du var den som tog dig an
Al vor Sag og al vor Nød,
At du med din Martyr-Dod
kunde Gud igjen forsone,
Derfor steg du fra din Throne.

O, hvor lidet som vi skyldte
Kunne vi vel takke dig!
Dog af varme Hierters Fylde
Ofre vi, enhver for sig
Al den Tak som vi formaae,
Og ei vilde du forsmaae
Vore Sange, skjønt saa ringe;
Her hvad kan vi andet bringe?

Hisset skal vor Tone stige
I det sande Glædens Hiem,
Naar vi blive Engle lige,
Naar vi træde selv blandt dem,
Bedre skal det klinge da
Dette vort Halleluja.
Der i Frydens høie Sæde,
O, hvor skal vi der os glæde!

Claus Frimann.

Gud er oss nær.

Eg vil møtast med deg der.

2. Mos. 25, 22.

Guds folk hadde alltid ikring seg andre folk og menneskje som leita etter Gud og ikkje fann han. — som vart hangande ved skapningen og gløynde skaparen. — som laga seg gudar etter sitt eige hjarta og sine eigne tankar og difor kom burt frå den levande Gud. Alt i eldgamal tid vart Guds

folk berga frå denne fåre og villfaring. Den Levande er midt imillom dei. Israel leita ikkje etter Gud inni seg sjølve eller nokon stad i verda. Dei gjekk til tabernaklet. Der står nådestolen over paktarka i det allerheilagste. Der vilde Gud gjeva seg tilkjenne, som han hadde sagt: »Sidan vil eg møtast med deg der; frå romet over loket millom hae kerubane som er ovanpå lovtavlekista. vil eg tala med deg.« 2. Mos. 25, 22.

»Kan eg syndar våga meg der burt?« spurde vel mangt eit forskræmt og urolegt samvit. »Ja, det kan du,« var svaret. »I paktarka ligg nok Guds lov som dømer deg; der ligg di fordøming. Men over paktarka er soningsloket, nådestolen. Den dekkjer til din dom. Her er Gud tilstades i nåde. Tru og kom!«

Denne nådestolen var eit fyrebilete og ein lovnad. Difor stod han bakum fyrehenget. No har Gud sett upp ein ny nådestol framfor heile verda. Det er Kristi kross som »Gud synte fram i blodet hans som ein nådestol ved trua.« Rom. 3. 25.

No treng ikkje den hungrande sjel til å søkja i sitt eige indre um ein kanhenda der kan høyra noko um Gud. No treng ho ikkje um å fara hit og dit, for kanskje ein stad å kunna få tak i randen av hans klødning. No kan ho i tru skoda upp til krossen. »Der vil eg møtast med deg og tala med deg.« ved nådestolen. Ja her vil Gud syna seg for oss. I den dom som Sonen lid i staden for oss, syner Gud seg som den Heilage som hatar synda til døden. Her talar han til oss i alvor og velde: »Sja, so forferdeleg er di synd, sja, so djupt er ditt fall!« Men her syner han seg og på ein endå herlegare måte. Det er jo nådestolen. Guds hjarta let seg her upp for oss. Guds bren-

nande kjærleik til det burtkomne barnet. Difor la han all vår synd på sin Son. Ja, her talar han til oss so trøysterikt og miskunnsamt, at det hjarta som hungrar etter frelse vert fylt av glede: »Ottast ikkje for eg har løyst deg ut, eg har kalla deg med namn, du er min.«

»Lat oss med frimod gå fram for nådens kongsstol, so vi kan få miskunn.« Hebr. 4, 16. Ikring krossen samlar seg Guds truande kyrkje. Frå tysk.

Bønn.

Allmechtige Gud, du som lar ditt evangelium lyse så klart for oss, hvori din sønn så vennlig innbyder oss til sig: Giv at vi ikke må lukke våre øine for dette lys eller vende oss hit og dit efter våre egne tomme tanker, men holde fast ved dig i urokkelig lydighet, inntil vi har fullført vårt livsløp og nær frem til det fullkomne lys i din herlighed. Amen.

„Ei samtale og ei oppleving.

(Framhald).

»Alle ting er tilfeldige, og absolutt ingen ting er fyreåt fastsett av Gud.« sa mannen med kraftig ettertrykk. »De skal ikkje kunna klara å prova at eg tek i miss.« la han til. »Eg vil heller ikkje freista på det.« svarar eg. »Men fyrr vi sluttar, skal eg fortelja ei av mine mange opplevingar på sjøen um De vil vera tolog og høyra på.« »Jau, absolutt, dette måtte han få høyra.« Eg fortalde da denne opplevinga:

Som De visseleg har høyrte, var eg noko uforfærd på sjøen ei tid i mitt liv og tenkte lite på fære. Vinteren 1916 går eg ein kveld som vanleg til havs på ein open motorbåt og skulde driva etter storsild. Det blev ein frisk vind og himmelen var noko stygg og myrk. Vervarslinga var ikkje koma då, elles hadde vi visseleg havt stormvarsel. Men silda var 50 kr. målet, so det laut prøvast i lengste laget. Fyrr kl. 10 um kvelden er det storver med opprørt hav og saotjukke. Fyrr vi hadde fått halve garnlenkja umbord, var alle fyrlys og alt land burte. Etter ein hard torn fekk vi inn garna, men alt då var det inga von um berging etter mitt skyn. Å liggja ute på havet denne natta i open båt var den visse undergang. Og å gå på land no, var mest like visst doden, men det laust prøvast.

Den fyrste kjenning av land var at vi kom upp i eit grunnbrot som vi berre ved eit under og ei augneblinks-handling slapp klar. Vi var heilt unngjevne av grunnbrot, og eg var då klår over at vi var komne under land på den fælaste og ureinaste kant av været. Alle utveggar var no pålag stengde, ingen ting å sjå, uråd å handla, kvart brot truga med undergang. Eg vart nøydd å gjera mannskapet fortrulege med, at dette vart den siste natt, og at det berre var ein augneblink att av livet. Men det synet gløymer eg aldri i mitt liv. Der eg stod gjekk tankane mine til kona og borna som eg visste no heldt til ute på ein haug og stirde fortvila ut i natta og berre høyrde duren av orkanen og sjøbrota. I tru til Guds lovnader i sitt ord bad eg frå denne plassen um at han for dei heime si skuld og for deira skuld som no var med meg i båten, matte berga oss. Men då laut Han sjølv vera kjentuann, for eg såg ingen ting som kunde rettleida meg ut or fallgarden.

Då hende det som De synest er utruleg, men som eg vil minnst til min siste dag.

Eg kjende eit kraftig tak over hogre handa som eg da heldt rorkulten med. Med det same vart eg overraska, men so fata eg samanhengen og vart roleg. Eg fekk ordre um å styra rett i sør og bruka all den kraft på motoren som kunde presterast. Eg sette meg fyre å gå so lenge den vegen at eg kom upp forbi alle grunnbrot og prova å venta um det kunde letta i snøkaven ut på natta. — um båten kunde halda seg uppe, men det såg helst smått ut. Men med eitt losna ein skrue i motoren so vi miste halve farten. For å fa den ordna måtte motoren stoppast og båten verta utan kommando, og det kunde ikkje vågast. Eg sette meg da fyre å setja til stagfokka, gå unda med motoren og styra i aust. Men i aust skulde eg ha fleire grunnbrot.

Um ikkje lenge får vi sjå eit stort grunnbrot i le av båten. Dette meinte eg å kjenna att etter måten det braut på. Var dette rett, skulde vi ha eit brot rett forut, og millom desse tvo brot var ei renne heilt upp i smult vatn. Ein lokalkjend mann som eg var, kunde i ljøs dag og siktbart ver manovrera seg fram denne vegen. Men det synte seg at ingen lokalkjend mann kunde ha gjort

dette betre ved ljøs dag enn som det no vart gjort. Hadde skruven i motoren gatt 10 minuttar fyrr eller 10 minuttar seinare, hadde det i begge høve vore den visse død. Millom dei tvo grunnbrot var det umlag 150 meter breidt, men landemedet i aust hadde vore hårfint nøiaktig då skruven slepte taket i motoren.

»Dette var forteljinga.« sa eg til mannen. »og no får De sjolv avgjera um dette var tilfeldig eller laga av Gud.«

Det kom store tårer ned etter kinna på den sterke mannen og alvorlegt og avgjort sa han: »Dette var laga av Gud, og eg tek det som ein lærdom for resten av mitt liv.«

Karl Vadoy i »Menighetsblad for Bremanger«.

Stå fast!

I Paulus's brev til filippiarane 3, 16, står det: »Berre at vi so langt vi er komne held fram i same faret.« Eg hadde so hug å seia til deg, truande ven som har set deg fyre å fylgja Jesus: Du må ikkje gjeva upp um Du ofte blir troytt og alt synest å nytta so lite. Tenk på lona der uppe når vi skal slutta her. Um vi skal vera her kort eller lenge, veit vi ikkje. Berre eitt veit vi, at ein dag kjem Jesus og flytter oss herifrå. Er vi da budd å fylgja? Jesus seier i Luk. 12, 40: »So ver då reiduge, de o g, for Menneskesjensonen kjem ei tid de ikkje tenkjer.«

Eg må tenkja med vemod tilbake på den tid då det gjekk vekkjing over bygda var. Du for ein stor flokk som samla seg til bonemota våre. Ja det såg lovande ut for bygda var då. Men so byrja flokken å minka, snart sakna vi den eine og snart den andre. Kvifor slutta du? Hadde du ikkje funne Jesus og den største lukke som finst? Kvar gong eg treffer deg, kan eg ikkje la vera å tenkja på at Du og var med og song og vitna um Jesus. Eg tykkjer det må vera so vondt for deg å tenkja på at Du gjekk burt fra Jesus att, han som vil so gjerne hjelpa deg. Eg trur at dersom du er lie i tærleg, må Du sanna at Du er ikkje lukkeleg. Og um der er noko i ditt liv som hindrar Deg, hugs at Jesus er meir verd enn alt anna. Og ingen er so stor ein syndar at Jesus ikkje kan tilgjeva han. Eg må seia for min del at netupp fordi eg er so syndig,

difor kan eg ikkje vera Jesus forutan. Når eg kjem til Jesus med mine nederlag, so tek han imot meg. Og til deg, ungdom, som har hug å leva livet berre i leik og moro, lyt eg seia: Eg har prøvt det same, og ei tid innbilte eg meg at det var gildt. Men du kor eg tok feil! Det er eit tomt liv burte frå Jesus. Det går ikkje å vera litt med Gud og litt med verda. Ein dag lyt du vel ja. Antan med eller mot. Ingen millo m v e g. Eg kjenner meg lukkelagere dess lenger eg får leva saman med Jesus.

Eg var for ei tid sidan inne og vitja ein gamal mann som sikkert veit at han ikkje har so lang levetid igjen. Det gjorde meg so useieleg godt å høyra kor trygg og glad han var. Han hadde lagt alt i Guds hand. Har du som les desse orda, gjort det same?

»Å tenk ein gong det stemnemote store, når me ved porten skal kvarandre sjå. Me som ilag på jordi her har vore, — kven skal gå inn og kven skal ute stå?«

B. D.



Våre døde.

15. okt.: Marta Reielsdtr. Bentsen, kona til Abel Bentsen, Indredavik; f. 1867 på Askeland; kreft.
31. okt.: Lars Gjertsson Klubben, e. kårmann; f. 1851; alderdom.
6. nov.: Oline Pedersdtr. Myklebust; kårrenkje; f. 1843; alderdom.

Dei var ein andepust som kverv og ikkje kjem att. Salme 78, 39.

Notisar.

Doypte: 31. okt. Jofrid, f. 30. sept. av f. Erling Martinusson Leirgulen og Andrea Johannesdtr. (f. Sunde). — S. d. Lilly Aurd, f. 5. febr. av f. Ivar Johansson Nygard og k. Solveig Pedersdtr. (f. Kjørstevik). — S. d. Jorunn Valborg, f. 10. sept. av f. Johan Bergesson Hankedal og k. Laura Rasmusdtr. (f. Angelshaug). — 7. nov. Magn e J o h a n, f. 31. aug. av f. Kristen Mikkels-son Berghund, Davik, og k. Agnes Kristiansdtr. (f. Heggelund). — S. d. Margrethe, f. 23. sept. av f. Olav Rosenlund og k. Liv Johannesdtr. (f. Sunde).

Ektevigde: 16. okt. i Davik Alf Larsen, sjomann, Solum, og Oline Johannesdtr. Hundeide, Levdaibakke. — S. d. Alf Johannesson Hundeide, stuert, og Liv Lydersdtr. Kvellestad, Kimm. — 29. okt. i Rugsund Marius Nilsson Nyborg, går., Berle, og Amanda Gudmundsdtr. Steinset, Berle. — 7. nov. i Eid Harald Kristoffersson Ruttedal, Kjolsdal, og

Dagny Johansdtr. Kvalheim, Nord-Vågsøy. — 20. nov. i Rugsund Karl Matiasson Odegard, Berle, og Målfrid Larsdtr. Førde, Berle.

Kollekt i Davik kyrkje 7. nov. til lutherske kyrkjelydar i Russland etc. kr. 41.32

Basarar: Bortne 12. okt. til heidningmisjonen kr. 117.55 + bøssepengar 24 kr., tils. 141.55 — Davik 1. nov. kr. 213.19, delt millom heidningmisjonen og indremisjonen. — Rugsund 2. okt. til Santalmisjonen 170.86, derav 20 kr. anonym gave.

Ved avroystinga um bededagen røysta 465 prestar for at bededag skal vera på den dagen han no er, 1 for å ta han heilt burt, 56 for å flytta han til ein annan dag. I soknemote har 56 110 røysta for inga forandring, 4642 for flytning, 65 for avtaking, 414 heradstyre heldt på den noverande dagen, 262 på flytning, 13 på avtaking. — Etter dette må vel stortinget la bededagen vera i fred, skulde ein tru.

For 100 år sidan. Ek te v i g d e. 27. des. 1837. Ole Koldsæter, son til Stephen Olsen, 22 år, og Marthe Olsbøe, dtr. til Stephen Jacobsen, 26 år. — 28. des. Lars Møchlebust, son til Rasmus Oisen, 29 år, og Anne Marie Møchlebust, dtr. til Elias Abelsen, 23 år. — Dø d e: 9. des. Magdeli Olsdtr. Berstad, karkone, 94 år. — 28. des. Noe Abrahamsen Møchlebust, 78 år. — 17. des. Otte Olsen Yttre Houge, karmann, 72 år. — Av dei 45 som doyde i 1837 var 15 born under 5 år.

Gudstenester:

- 4. sundag i advent, 19. des.: Aalfot.
- 1. jøledag, 25. des.: Davik.
- 2. jøledag, 26. des.: Rugsund.
- Nyarsdag, 1. januar: Aalfot.
- Kristi openb. sund., 2. jan.: Totland.
- 1. sund. etter Kr. openb., 9. jan.: Rugsund.
- 2. sund. etter Kr. openb., 16. jan.: Davik.

Kvittering for kontingent. Fru Wiese 4 kr. — Kristofer Husevag, Simon J. Bakke, Elisabeth Pedersen, Ole H. Myklebust, lærar R. Førde 3. — Anders P. Nore, Albert Nybo, Iver Kassen, Henrik Gjesdal, Helga Lien 2. — Kristofer Elvebakke, Marta Isene 250. — Malena Strand 1. — Olav Haus 5. — P. H. Endal 4.50. — Tilsaman kr. 44.50.

Hjarteleg takk til alle.

Sogneprest Magelssen.

(Forts.)

Fra min egen barndom har jeg alltid hatt den mening om far at han var en mere enn almindelig dyktig predikant. Nu da jeg har syslet med å studere hans livshistorie, har jeg på mange måter fått denne min mening stadfestet. Tradisjonen i de menigheter hvor han virket, sier det om ham, og de biskoper under hvilke han tjente, sier det samme. Når jeg i Daviken bad de gamle jeg trakt, fortelle mig hvad de hadde hørt om far,

så var alltid deres første ord dette: »Han var en stor talare.« Biskop Neumann har i Davikens kallsbok anført følgende: »År 1831 den 24de juli (på 8. søndag i Tref.) visiterte jeg tredje gang i Davikens kirke, hvor sognepresten hr. Magelsen holdt med verdighet og anstand en meget vel utarbeidet og fortreffelig memoreret prediken over dagens evangelium, likesom og hans øvrige forretninger vitnet om et såre heldig anlegg for den stand til hvilken han har ofret sig. Almuen bivånet gudstjenesten med megen andakt og orden. Ungdommen fantes i høi måte oplyst; kun savnedes hos enkelte ferdighet i innenadlesning. Med skoleholderne (på en nær) var det mådelig bevednt. Klokkeren derimot utførte sine forretninger meget godt. Med aktelse for denne sedelige og godmodige menighet og dens utmerkede sjelesorger forlater jeg dette sted og beder Gud velsigne den gode sed som her er nedlagt, og som vil fremdeles, håper jeg, vord nedlagt, at den må spire frem til rike frukter for tid og evighet.«

Også i Sogndal og på Toten (hans embeder næst efter Daviken) får han den dag idag det eftermæle at han var »en stor talare« eller »en dyktig predikant«. Hans ansøkninger om befordring fra Daviken til økonomisk fordelaktigere embeder blev altid av Bergens biskop ledsaget av varme anbefalinger, hvori han særlig fremheves som predikant: »Han besidder en sjelden veltalenhetsgave.« »Han er den mest veltalende prest som finnes i dette stift.« »Såfremt det erkjennes at utmerket veltalenhet i forbindelse med andre fornødne kvalifikasjoner og erhvervede fortjenester er det som ved besettelser av presteembeder i de større byer tas fortrinlig hensyn til, da vil der neppe finnes mange som i denne henseende kan komme ved siden av prost Magelssen.« (i anledning ansøknings om domkirkens sogneprestembede i Kristiansand). Biskop Arup i Kristiania sier om ham: »Han er en meget velbegavet predikant, endog utrustet med en iallfall til sine tider veldig påvirkende veltalenhet.«

(Forts.).